

## Prosjekt Fagleg plattform, profil og strategi (FPPS)

### Opplegg for samtale med personar frå ulike grupper i avdelingane.

#### Hensikten med samtalen:

- Få kvalifiserte synspunkt frå grunnorganisasjonen, under dekan-nivå, om kva fagleg profil dei meiner avdelinga har

#### Premissar for samansetting av gruppene:

Dekanen er beden om å plukke ut folk u frå desse premissane

- Deltakarane skal representere følgjande grupper: studentar, fagmiljøa, teknisk-adm. tilsette og leiing på institutt/studie/FoU-program nivå
- Deltakarane bør representere ei breidde i høve til kjønn og alder

#### Metode:

- Samtale med utgangspunkt i fokus-gruppe perspektivet der dialogen mellom deltakarane er eit viktig aspekt i informasjonsinnhentinga.
- Representantane frå prosjektgruppa leier samtale og rammar den inn tematisk, men samtalen skal vere open og i hovudsak styrt av dialogen mellom deltakarane
- Samtalen varer mellom 60 – 90 min.

#### Tematisk innramming:

- Innleiing gitt av representantane frå prosjektgruppa:

Prosjektet ønskjer ei samtale med avdelingane ved dei tre fusjonerande høgskulane, samt doktorgradsmiljøa om 1-3 faglege særtrekk som ein meiner kan vere med å bidra til å byggje profilen ved den nye høgskulen på Vestlandet.

Vi har bedt dekanen om å foreslå ei gruppe der leiing på institutt-/studieprogramnivå, fagtilsette, administrativt tilsette (på avdelings- og institusjonsnivå) og studentar er representerte, til saman 6-10 personar.

Vi ber om at de baserer argumentasjonen på ei heilskapleg vurdering der følgjande kriterium kan leggast til grunn:

- Unikheit og særpreg også i høve til regionsperspektivet (Vestlandsk kultur og tradisjon og samarbeid med arbeids- og næring
- Internasjonal posisjon
- Omfang: t.d.: studenttal, størrelse på fagmiljø og forskingsaktivitet
- Nivå på studium (Master/PhD), og korleis dette støttar opp under universitetsambisjonen
- Komplementaritet og muligheter for felles utdanningsløp med lokale særpreg
- Muligheter for synergjar og tverrfaglege/tverrprofesjonelle satsingar
- Innovasjon og berekraft
- FoU-kvalitet

- Utdanningskvalitet og læringsmiljø

Det er også viktig for prosjektgruppa å vera klare på at formålet ikkje er ei kartlegging av alt som avdelingane driv med. Dette vil vi arbeide for å få oversikt over på andre måtar (mellom anna med gjennomgang av strategiar, planar og rapportar). Det er også viktig å poengtere at det vil bli lagt opp til å kunne kom med innspel på desse områda i innspelsrundar i oktober – formålet med denne delen av arbeidet er derfor først og fremst å fange opp relevant informasjon for å kunne lage ei første oversikt, medan ein vil søke ei breiare forankring i neste fase. Etter første del av leveransen er klar, vil ein også arbeide for å få samtalar av meir tverrinstitusjonell og tverrfagleg karakter.

Representantane frå prosjektgruppe sørger for at diskusjonen vert innafor desse rammene og at dei sentrale problemstillingane blir berørt.

I tillegg har vi fått førespurnad frå andre prosjekt om å ta med følgjande spørsmål:

Frå organisasjonsprosjektet:

- Hvilke føringer legger ambisjonen om å bli et universitet med en prosesjons- og arbeidslivsprofil for organiseringen av HVL – faglig og administrativt?
- Fusjonsavtalen sier at det skal være få og stor enheter på nivå 2. Hva legger dere i dette?

Frå digitaliseringsprosjektet:

- Digitalisering blir trulig eit satsingsfelt i den nye høgskulen. Kva moglegheiter ser fagmiljøet innafor ein slik satsing?